

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:	Vår ref.: 2021/414 - 5641/2021	Sakshandsamar: Thomas Dag Iversen	Dato: 09.06.2021
---------------------	--	---	----------------------------

Høyring – Utreiing om organisering av luftambulansetenesta

Helse Vest RHF takkar for moglegheita til å gje innspel på rapporten frå ekspertgruppa. Rapporten verkar grundig og dei ulike alternativa til framtidig drift av tenesta er godt greidd ut.

Helse Vest RHF støttar tilrådinga til ekspertgruppa om at dagens organisering av luftambulansetenesta blir vidareført. Denne modellen gir etter vår meining dei beste føresetnadene for drift og utvikling av tenesta framover. Helse Vest RHF har ingen kommentarar til dei andre vurderte driftsmodellane som det er gjort greie for i rapporten.

Helse Vest RHF støttar også tilrådinga i ekspertgruppa til betringspunkt for å ytterlegare forbetra luftambulansetenesta. Desse er i tråd med læringspunkta frå evalueringa av prosessen for anskaffing av ambulansflytenester, som vart gjennomførte av dei fire helseregionane. Oppfølging av læringspunkta vil bidra til at framtidige innkjøp blir forbetra og at eventuelle operatørbyte kan gjennomførast med færre komplikasjonar.

Helse Vest RHF er samd i at ein ved framtidige anskaffingar må sørge for at beredskap og flytrygging blir teken i vare. Det kan derfor vere formålstenleg å stilla krav om overføring av personell i anbodskonkurransen. I kva grad det skal leggest til grunn ei verksemdsavhending eller ikkje må greiast ut grundig i ein risikokontekst allereie i strategifasen.

Stiftelsen Norsk Luftambulans har vore ein betydeleg bidragsytar både med middel og forskning, særleg innanfor den flyoperative delen. Eit godt samarbeid innan forskning og utvikling bør derfor vidareførast. Helse Vest RHF meiner at rapporten kunne vore tydelegare på at den mest vesentlege delen av forskning og innovasjon innanfor akuttmedisin i framtida, framleis vil komme frå helseføretaka og dei regionale strategiske satsingane innan forskning.

Vennleg helsing

Ivar Eriksen
Eigardirektør

Thomas Dag Iversen
Seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Ivar Eriksen eierdirektør

